

# ÅRSMELDING 2014



## Innhald

1. Innleiing
2. Folkedans
  - a. Vaksne
  - b. Ungdom
  - c. Barn
3. Teater
4. Folkemusikk
  - a. Gimlingane
  - b. Audhilds
  - c. Juniorspelmannslaget
5. Kor
6. Blad og blest
7. Melding frå Selsvikklubben
8. Melding frå Skostredet spøt og slarv
9. Lagsstyret
10. Melding frå Rådet
11. Dugnad
12. Samarbeid med andre
13. Eigedom
  - a. Lagshusa
  - b. Hytta
14. Fonds- og eigedomsstyret
15. Medlemstal, **økonomi og ressursar**
16. Kontor og tilsette
17. Heiderslagsfolk
18. Gåver, helsingar og minne
19. Oversikt over tillitsvalde
20. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar
21. Utsending, representasjon og samarbeid



## **1. Innleiing**

Me er eit aktivt lag! Alle som les årsmeldinga under her skjønar fort at me er eit lag med utruleg mykje aktivitet. Det er korøvingar, teaterøvingar, felespel, kveding, spøting og slarving. Kvar måndag er det dans i storsalen i Gimle i nærmere fem timer i strekk! Totalt er det nærmere 20 timer med faste øvingar kvar veke fordelt på ein 11-12 ulike aktivitetsgrupper. I tillegg kjem festane, konsertane, basarane, kursa, øvingshelgane, turane, lagsmøta og 17. mai-kaféen. I 2014 hadde me heile 30 slike tilskipingar!

Det er desse tinga som me nemnte over som bør og skal vere i fokus i alt det arbeidet me gjer. Me skal skape gode møteplasser der medlemene saman kan skape gode minner, erfaringar og knytte nye venskap. Dette er viktig å ha i bakhovudet uansett kva me gjer.

For det har ikkje berre vore fryd og gaman i 2014. Rekneskapen går i minus og medlemstalet går ned. Dette er viktige saker som me må jobbe mykje med for å rette opp att, men det må likevel ikkje legge ein dempar på stemninga. For den skal og bør stå i taket!

Det har vore gildt å vere med i Bergen ungdomslag Ervingen i 2014. Det har vore gildt å gjere ein dugnadsinnsats for Bergen ungdomslag Ervingen i 2014. Det har vore gildt å arbeide i det vernet årsmøtet tiltrudde meg i 2014.

2014 var eit ovgildt år!

## **2. Folkedans**

### **a. Vaksne**

Folkedanslaget har i 2014 fortsett aktivitetsnivået frå tidlegare år, med faste øvingar, dansekeldar, hytteturar og kurs. Tilskipingane har hatt noko lågare besøkstal enn tidlegare år, men har gått om lag i balanse økonomisk. Tilbakemeldingane er gode, og folkedanslaget fortset dermed med entusiasme, både med gamle suksessar og nokre nye idear kommande år.

#### **Faste øvingar**

Måndagsringen, folkedans for seniorar og fordjupingsøvingane har heldt fram som tidlegare. Hallingøvinga som vart starta i fjor haust vart lagt ned i haust, etter eit år. Både måndagsringen og folkedans for seniorar har stabile oppmøtetal, medan fordjupingsøvingane vekslar mykje. Det har vore to hyggekveldar per semester på måndagsringen, der andre grupper og særlag er inviterte. Dette er kjekke kveldar, og me trur at det er med på å føra til at ein vert litt betre kjent på tvers av aktivitetane i laget. Folkedanslaget er heilt avhengige av, og svært takksame for, flinke instruktørar og spelmann som stiller opp gong etter gong, og ynskjer å takka desse spesielt.

#### **Festar**

I vårhalvåret var det tre dansekeldar: dans- og spelmaraton, folkemusikkfesten i samarbeid med Columbi Egg der svenske Väsen og bergenske Texanos spelte, og ein

festkveld i høve Prøysen-jubileet med både konsert frå mange av våre eigne grupper, dans og allsong. I hausthalvåret var det i september kulturnatt med konsert og dans til Kristoffer Kleiveland, godt støtta av Audhilds. I oktober var det hyttedans med konsert og dans til Eva-Marie og Maria Toppe, Anna Egholm Pedersen og Kvedargruppa. Haustfesten var i slutten av november, med raspeball-middag og dans til Fjellbekken, og på romjulsdansen 28. desember spelte Ida Marie Rognsvåg og toradargruppa Litt tå kvart.

## Kurs

Nybyrjarkurset i vårhalvåret vart avlyst grunna få deltagarar, men eit helgekurs i haustsemesteret gav litt fleire påmeldte. I april var det hallingspringarkurs, medan dansekurset i haust var valdresspringar. Begge desse var i samarbeid med Bygdedanslaget i Bjørgvin, og hadde mange deltagarar.

## Andre tilskipingar

17. mai deltok dansarar frå folkedanslaget med program på Torgallmenningen i høve bygdelagstimen. I mai og september var unge vaksne på hyttetur på Eidsholmen. Me deltok på Dansens dag i april, der me dansa saman med Ungdomsringen på Bergen offentlege bibliotek. Me var òg med som underhaldningsinnslag på Montana under sjufjellsturen i mai, der òg dansarar frå Ungdomsringen og Audhilds var med. Me har òg hatt nokre betalte danseoppdrag i løpet av året, mellom anna på ein konferanse for Mattilsynet og Bergen Tango Marathon.

## Organisasjon

Styret i folkedanslaget har hatt møte om lag kvar tredje veke. Rekrutteringsarbeidet har i hovudsak vore knytt til nybyrjarkursa, men me prøver òg å vera synlege utanfor laget, både med nokre av tilskipingane og med framsyningar. Folkedanslaget har hatt godt samarbeid med Columbi Egg og Bygdedanslaget i Bjørgvin i tillegg til andre særlag i Bergen ungdomslag Ervingen, og ser fram til å fortsetja desse samarbeida i 2015.

### b. Ungdom

I 2014 har ungdomsringen hatt øvingar kvar veke, dansesamlingar, hytteturar, delteke på sommarleir, folkedansfestivalen og dansa i førestillingar.

Ungdomsringen har hatt i underkant av 10 medlemer på øving kvar måndag i vår- og haustsemesteret. Det er ein inkluderande gjeng som har utvikla seg mykje som dansarar. Instruktørar har hovudsakleg vore Silja Solvang og Borghild Marie Opdahl. Sverre Sundvor, Guro Haugen, Torbjørn Bergwitz Lauen og Rigmor Nesheim Vaular har vore gjesteinstruktørar. Antonia Dyvik, Ingeborg Hollekim Bringslid, Alf Buhl-Mortensen, Terje Furenes, Solfrid Bjørke Gjuvsland, Lars Fivelstad Smaaberg, Maria Skjeldrum Toppe og Gro Vetås har vore spelmann.

Arbeidet med å skipa til dansesamlingar for ungdom i Hordaland har halde fram. Hordaland Ungdomslag har bidrige med underskotsgaranti til dansesamlingane. Den fyrste samlinga fann stad på Samnanger skule. Silja Solvang var instruktør, medan Gro Vetås var spelmann. Fokus for deltarane var samdans, improvisasjon og dansegled. Andre dansesamling var på Voss ungdomsskule samstundes som Osafestivalen. Lisa

Grav Henriksen var instruktør for dei yngste, og var innom nordlandspols, songdanser, turdanser, runddans og linedance. Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilsen var instruktørar for dei eldste og lærte vekk pols frå Østerdalens. Mats Odde og Kristoffer Kleivland bytta på å spele til. Alle deltok på dansekvelden i Ole Bull-salen på laurdagen. Ungdomsringen har stor glede av å treffe andre dansarar og instruktørar.

Høgdepunktet for sommaren var sommarleir og folkedansfestival i Ørsta. På sommarleiren deltok seks dansarar frå ungdomsringen på kortkurs i dans, teater, song og musikk med meir. Om kvelden var det dans, spel, debatt og annan moro. Alle ungdommane blei igjen på folkedansfestivalen, då ungdomsringen var med på opningsframsyninga «*Dans og demokrati*». Silja Solvang var koreograf for ungdomsringen sitt bidrag til førestillinga. Me nytta mellom anna vårens hyttetur til å øva til framsyninga.

Haustens store prosjekt var samarbeidet med dansegruppa Flava Few fram mot framsyninga «*Grunn - frå grunnsteg til undergrunn*». Seks dansarar frå ungdomsringen sette av tre helger for å finne fellesnemnar mellom urban dans (breakdance, popping, locking og house) og norsk folkedans. Det var kjekt å dansa på opning av Bergen internasjonale musikkfestival og ungdomsringen er særskilt nøgd med tilbakemeldingane me har fått etter førestillinga.

Haustsemesteret vart avslutta med ein hyttetur til Eidsholmen. Laurdag hadde me kurs i rudl med Rigmor Nesheim Vaular. I tillegg var det pepperkakebaking, juleverkstad, songkonkurranse og besøk av nissen.

Ungdomsringen har hatt to vellykka framsyningar saman med barnelaget. På Dansens dag synte me oss fram på togstasjonen, og med folkedanslaget på Bergen offentlege bibliotek. 1.mai dansa me på opningen av ein konferanse. Ungdomsringen hadde framsyning på Betanien Sykehjem 24.juni. I tillegg har ungdomsringen vore med på framsyningar med folkedanslaget, t.d. på Torgallmenningen 17.mai og under Syvfjellsturen. Ungdomsringen har drive dugnadsarbeid gjennom kafésal på dansekeldar.

### c. Barn

Barneleikarringen har hatt faste danseøvingar kvar måndag frå klokka 17.15 til 18.30. Silja Solvang, Maria S. Toppe, Karoline Liland, Maria M. Nordås og Emma A. L. Miro har vore instruktørar heile året. Spelemenn har vore Kårhild Nordstad, Solfrid Gjuvsland, Antonia Dyvik og Ingeborg Bringslid.

Talet på barn i barneleikarringen har vore 8-10 frammøtte på øvingar i vår og 6-8 på øvingar i haust.

### Aktivitetar

Også i 2014 vart juletrefesten lagt til første måndag etter nyttår. Frammøtet var på om lag 30 born og 20 voksne. Det var god stemning med tradisjonell juletrefest med folkedans og gang rundt juletreet. Nissen dukka som vanleg opp med overrasking til barna. Pølser, frukt og kaker stod på menyen.

I februar arrangerte barnelaget karneval. Karnevalet vart ein stor suksess med bra deltaking sett ut frå potensialet laget hadde. Alle barna og tre voksne hadde kostymer. Karnevalet gav meirsmak, og det vert nok nytt arrangement neste år.

Familiefolkedans vart arrangert 10. mars. Oppslutnaden var bra, med om lag 20 voksne og om lag 30 born. Det var ein vellukka kveld der Juniorspelmannslaget stod for musikken saman med ei perkusjonsgruppe frå kulturskulen.

Laurdag 26. april var det dansens dag i Bergen. Barnelaget hadde oppvising på jernbanestasjonen både åleine og saman med ungdomsringen. Fem barn frå barnelaget deltok i oppvisninga.

Sommaravsluttinga vart halden i blomsterpaviljongen i starten av mai. Vi var uheldige med veret, men barnelaget dansa og koste seg i det kalde regnet. Etterpå var det pølser, is og saft.

Hytteturene til Grimseid var diverre avlyst i 2014, grunna få påmeldte. Me håper å kunne invitere Juniorspelmannslaget til å være med på turen til våren 2015 og dermed være nok deltakere.

I juni reiste fem barn og tre voksne på Barnestemnet i Samnanger. Det var eit fint høve til å treffenne barn frå andre delar fylket. Det var dansing i Tysse sentrum, og mange aktivitetar for barna. Barna stortrivest, og det var sosialt og ein fin møtestad både for små og store.

Familiefolkedans 19. oktober vart därleg besøkt. Datoen var den same som minnekonserten for Jon Jelmert kor mellom annan Juniorspelmannslaget spelte. Det betydde at dei fleste som kom på dansen var barnelaget med familie. Lars Fivestad Smaaberg spelte og Astri Sudmann leia dansen.

Organisasjonsarbeidet i barnelaget har vore ei utfordring i 2014. Styret har bestått av to personer, kor den eine har vore mykje vekkreist. Det er tilrådeleg at styret i barnelaget består av foreldre til barn aktive i laget. Barnelaget har hatt god kontinuitet med instruktørane. Dei gjer ein fantastisk god innsats, og er ei viktig brikke i arbeidet i barnelaget.

### **3. Teater**

Aktiviteten i teaterlaget vart avslutta våren 2014. Mangel på instruktør og nettverk, vanskar med å få økonomien til å gå rundt, ynskje om ei betre scene og ynskje om enklare organisering rundt aktiviteten gjorde at nokre medlemmar valde å heller spela teater utanfor laget.

## **4. Folkemusikk**

### **a. Gimlingane**

Etter at medlemer av den tidlegare toradagrupsa melde seg ut av laget vart det gjort forsøk på å starte toradaropplæring for born, men utan hell. Det var ønskje om eit samarbeid med Kulturskulen i Bergen, men dei hadde ikkje rom for dette.

### **b. Audhilds**

Det har vore eit aktivt og godt år i spelemannslaget Audhilds i 2014. Det har vore eit jamt tal aktive medlemer, nokre nye er kome til medan nokre har trekt seg meir tilbake. I 2014 har det vore kring 20-25 aktive medlem, og det har vore eit jamleg oppmøte på kring 10-12 på øvingane. Spelemannslaget har hatt øvingar i Gimle kvar onsdag kl.18.00-20.00. På vårparten var Ingeborg Hollekim Bringslid og Maria Skjeldrum Toppe musikalske leiarar, og frå hausten av tok Irene Bjørke over plassen til Ingeborg som musikalsk leiar saman med Maria.

I 2014 deltok Audhilds på Lanskappleiken på Geilo 25.-29. juni. Det var ein stor delegasjon frå Bergen på 15 deltagarar som deltok i klassen Lag spel senior. Her kom Audhilds på delt 17. plass med 113 poeng. Ein deltok òg på Vestlandskappleiken i Granvin 3.-5. oktober. Her stilte ein òg mannsterke i klassen Lag spel senior, og kom på 5. plass med 95 poeng. Elles har einskildmedlemmer i laget gjort det godt på kapplerikane.

Det vart arrangert 2 kurs i løpet av året for medlemanne i særlaget, og desse kursa la ein samtidig med hytteturane på lagshytta på Eidsholmen. På vårparten inviterte ein Steinar Rygg til å læra oss slåttar frå Voss den 29. mars. I haust heldt Åse Teigland kurs for oss 7.-8. november, der ho lærte vekk slåttar frå Hardanger. På sistnemnde kurs inviterte me dei eldste i juniorspelemannslaget til å vera med på kurs, noko som var særskilt vellukka.

Audhilds har hatt ein del speleoppdrag i løpet av året, blant anna spelte me på Mangfoldfestivalen på Christiegården i juni, Kvadratrotfestivalen i august, og på Statsråd Lehmkuhl i mai saman med Bergen juniorspelemannslag. Me har òg spelt til dans ved fleire høve, blant anna på dansemaraton i Gimle, Kulturnatt 2014, kapplerikar og på diverse andre arrangement i ungdomslaget sin regi, deriblant Prøysen-kveld.

### **c. Juniorspelmannslaget**

Elna Føleide Selle er ansvarleg for det musikalske/pedagogiske i Bergen Juniorspelemannslag. Ho har i vårsemesteret vore åleine med ansvaret på øvingane. Haustsemesteret har Maria Skjeldrum Toppe vore medinstruktør for Trioen "Undertonar", dette har gitt ekstra inspirasjon..

Medlemslista talde 15 engasjerte og flotte born og ungdomar av begge kjønn i vårsemesteret. Juniorspelemannslaget hadde 9 øvingar. 7 i Gimle og 2 Kulturskolen saman med elevar frå Rytmisk seksjon (perkusjon) på Kulturskolen.

25. januar Juniorspelemannslaget deltok på Danse- og spelemaraton i Gimle.

- 7.-9. februar Deltok 8 av medlemmane i Juniorspelemannslaget på spelekurs på Voss. Det var blant anna samspel med ei skotsk gruppe, og deltakarane fekk ein  
smakebit av skotsk folkemusikk. Arr. av Voss spelemannslag.
- 16.mars Familiefolkedans i Gimle. Laget deltok med dansespel.Rytmisk seksjon var med og laga ein ekstra spiss på nokre av dei musikalske innslaga.
- 29.mars Spelekurs i Granvin. 8 stk deltok på spelekurset. Arr. Hardanger Spelemannslag.
- 28.mai Barnas Festspilldag i Losjen. Deltok med lagspel. Perkusjonsgruppa frå Kulturskolen var også med.
16. mai Statsraad Lehmkuhl. Trioen "Undertoner" deltok saman med Audhilds med spel. Oppdraget kom frå Universitetet frå Bergen. Publikum var for det meste for utlandske studentar.
- 16.juni Koncert i Gimle for foreldre/føresette og søsken. Førebuing til Landskappleiken.
- 25.-29.juni Landskappleiken på Geilo. Der deltok 11 born og ungdom. Som mål med det å delta der, er mellom anna at borna får ein fin sjanse til å bli betre kjente, samt å oppleva kappleikstemninga. Juniorspelemannslaget deltok i lagspel. Av 5 Lag, kom dei på ein 2.pl. Trioen "Undertoner" kom på en 2. plass av 3 grupper.  
Flott innsats og plasseringar både i c-klassen for solospel og på Sjokoladekappleiken.
- 6.-11. juli Mokurset i Førde. Ein del av lagets unge tok seg tid til å være med på sommarkurset også i år.

Medlemstalet i haustsesongen var 17 born og ungdom. Av dei er 4 nykomrar og 2 har slutta. Dei har hatt 8 øvingar. 6 i Gimle og 2 på Kulturskolen saman med elever frå Rytmisk seksjon på Kulturskolen.

13. sept. Hardingfeletreff for born og ungdom i Hordaland m/Einar Mjølsnes, Frank Rolland. Eit nytt og flott opplegg der dei fekk treffe andre spelinteresserte på sin eigen alder, frå andre spelemannslag i Hordaland.
4. oktober Vestlandskappleiken i Granvin. Der deltok Bergen Juniorspelemannslag og vann juniorklassen med flott lagspel. Elles i klasse fele/hardingfele rekrutt (ikkje rangerte) deltok Andrea Antun Mikkelsen. I C-klassespel hardingfele vann Kårhild Husby Nordstad. På ein delt 2.pl Antonia Dyvik. I tillegg deltok Alf Buhl-Mortensen, Tor Helge Haukås, Tori Helgheim Grung, Vilde Ulveseter og Eirunn Husby Nordstad. Det var godt spel og fine plasseringar hos dei som deltok for fyrste gong.  
Trioen "Undertonar" (Antonia Dyvik, Alf Buhl-Mortensen og Kårhild Husby Nordstad) kom på ein flott 1.plass.
19. oktober Minnekonsert for Jon Jelmert på Osterøy Museum. Det var naturleg for laget å være med på denne, særleg for alle dei som opplevde Jon som instruktør og midtpunkt på samlingar. Laget nyttar nokre av slåttane hans i sitt repetoar.
- 31 okt- 2 nov Haus-kurs på Osterøy. Her var det 7 av dei unge i laget som var med på det tradisjonelle spelekurset på Haus. Det vart avslutta med ein felleskonsert sundagen.

24. nov. Colombi Egg. Trioen "Undertoner" deltok som pauseinnslag. Hausta stor applaus med sine 2 numre.
12. des. Julekonsert i Korskirken i regi av Bergen Kulturskole. Her var alle med og i tillegg nokre frå den Rytmiske seksjonen på Kulturskolen.

Vi kan sjå ei positiv utvikling i juniorspelemannslaget, mange av dei yngre har teke store steg framover. Dei eldste er blitt gode, og blant dei beste i landsdelen i sin klasse. Mange av laget sine medlemmar har delteke på kurs og andre samlingar. Laget har slik sett hatt stor aktivitet både i forhold til øvingar, speleoppdrag og kursdeltaking. Medlemmene viser stor vilje til innsats og allsidighet, noko som med god instruksjon gjev positiv driv i laget. Laget har framleis ei foreldre-/styringsgruppe med 3 medlemmer. Vårsemesteret satt Monica Antun, Sissel-Ingunn Nordstad og Ingeborg Mjør. Ingeborg Mjør måtte trekke seg ved oppstart til hausen og døydde dessverre i september. Torbjørn Haukås som har vore med tidlegare kom inn att. Foreldregruppa har som arbeidsfelt å avlaste Elna med å styrka det sosiale i juniorspelemannslaget, innkjøp av instrument, skape blest, auke aktiviteten i laget og arrangere turar/reiser og seminar.

## 5. Kor

Koret si første øving etter juleferien var 6. januar. I vårsemesteret blei det i tillegg til dei vanlege måndagsøvingane halde to øvingshelger.

Koret arrangerte basar i Bergen barneasyl barnehage sine lokale den 25. mai. Arrangementet hadde fokus på barnefamiliar som målgruppe og var overordna vellukka. Erfaringar frå arrangementet som er verdt å ta med seg til seinare høve er at det held med eit mindre tal premier (kanskje 15 premier mynta på vaksne og 15 premier for born) for at sjølve trekninga ikkje skal trekke i langdrag. Det er viktig med god marknadsføring i forkant.

14. juni deltok koret i konkurransen Syng for oss i Grieghallen. Me opplevde at det var ei utfordring å finne passande repetoar for konkurransen, kanskje særskilt grunna at det er få tenorar med i koret denne sesongen. Det blei inga topplassering denne gongen, men opplevelingane med konkurransen elles var positive.

Høstsemesteret byrja igjen med måndagsøvingar den 18. august. I tillegg til måndagsøvingane blei det også i dette semesteret arrangert to øvingshelgar, den eine felles med Konsonans.

19. oktober deltok koret i Hordalands korforbund sin velgjerdskonsert "Med song for ei betre verd" på Logen teater. Me fekk mange gode tilbakemeldingar på Kor e' tonen sitt innslag på programmet og hadde ein flott kveld.

16. november skulle koret ha delteke i ei gudstjeneste i Sandviken kyrkje saman med Konsonans. Denne opptreden måtte dessverre avlysast grunna sjukdom, og vil etter alt sannsyn bli flytta til ein søndag tidleg i 2015.

Semesteret var elles i stor grad prega av oppstarten på eit fellesprosjekt med koret Konsonans. Kor 'e tonen og Konsonans skal framføre John Rutter sitt Requiem i

Domkyrkja den 15. februar. Dette er eit stort prosjekt, der Tore Kloster er leigd inn som ekstern dirigent, i tillegg til sopran solist, organist og orkester. Som del av førebuingane til Requiem blei det gjennomført fleire felles måndagsøvingar så vel som ei felles øvingshelg i haustsemesteret.

Det gode samarbeid resulterte òg i ein felles julekonsert den 7. desember. Det blei gjennomført to konsertar same dag og begge to var godt besøkt. Til den første konserten kom det mange familiar med born og medan den andre konserten hadde eit meir vaksent publikum. Under den andre konserten blei det òg gjort radioopptak av Foreningen Bergen Kringkaster. Me fekk mange gode tilbakemeldingar frå publikum etter julekonsertane.

Haustsemesteret blei runda av med ein liten framsyning på Julelagsmøtet mandag 8. desember.

Koret har hatt, og har stadig, ei stor utfordring med at det er for få tenorar og bassar med. For tida tre tenorar og fire bassar. Altrekka har hatt ein del utskifting i 2014 medan sopranrekka har halde stabile medlemstal.

Talet på aktive medlemmar per i dag er 29 songarar.

Koret ser fram mot eit flott 2015 med mange spennande arrangement og planar på agendaen.

## **6. Blad og blest**

Etter at årsmøtet vedtok å leggja ned Bodstikka i fjar, har Blad- og blestnemda konsentrert arbeidet om å lever tekstar og biletar til nettsida. Me har dekkja dei fleste større tilskipingar i laget, og har også bidrige med førehandsomtale av tilskipingar. Blad- og blestnemda har og vore involvert i arbeidet kring ny lagsfane, og har diskutert strategiar kring rekruttering og blesting. Nemnda har så smått byrja med planlegging av eit jubileumshefte i 2015. Nemnda har hatt tre møte i tillegg til planlegging via e-post.

## **7. Melding frå Selsvikklubben**

Selsvikklubben har i 2014 hatt 19 samlingar, dei fleste i Fensal. Vi er framleis 8 faste medlemmer. Også i år har vi brukt "årsinntekta" frå julemøtet til vinstar til laget sitt medlemslotteri, kr. 6.000. Selsvikklubben sto for åresalet på julemøtet, og skaffa vinstane. Alle matutgiftene vart dekka av oss, og vi var konsulent for grautkokkinga også i år. – men no klarar ungdommen seg sjølve!

## **8. Melding frå Skostredet spøt og slarv**

Skostredet spøt og slarv starta opp etter sommaren for å vera ein uformell møtestad på tvers av anna lagsaktivitet. Mange har hatt med seg handarbeid på møta, og det har elles vore kaffi og kaffimat. Det har vore 4 møte etter oppstart med omlag 10 deltakrar kvar gong. Mari Skjerdal Lysne, Hanna Hekkelstrand og Sigrid Ølmheim har hatt ansvar for aktiviteten.

## **9. Lagsstyret**

Lagsstyret har hatt 15 styremøte og handsama 166 saker i løpet av året. I tillegg har det vore fellesmøte med Rådet og Fonds- og eigedomsstyret kring økonomiutfordringane for laget, og eit møte med Ervingen Kulturhus A/S om planane for utbetring av Gimle. Styret har hatt eit samrådingsmøte med dei tillitsvalde, og ei nemndsleiararsamling i mars. Styret har også halde kurs i bruk av den nye nettstaden for dei tillitsvalde.

Lagsstyret har også gjennomført 17. mai-kafé, julelagsmøte, eit lagsmøte om ungdomslagsfaner, ein basar med Are Kalvø og "Kven Veit?". Dei største tilskipingane har vore gjennomført med hjelp av medlemmer som stiller opp og gjer ein del av det praktiske arbeidet i eigne nemnder.

Andre saker som har vore sentrale for lagsstyret i meldingsåret er:

- økonomi
- arbeid med gjeldande arbeidsprogram
- budsjettplanlegging og -oppfylgjing
- ny fane for laget
- ny organisasjonsstruktur

I 2014 fekk laget på ny ein leiar. Styremedlemmane har hatt spesielle ansvarsområde som t.d. økonomi og ansvaret for å følgje opp dei ulike særlaga har vorte fordelt på styremedlemmane. Det har også stundom vorte sett ned nemnder for å jobbe med spesifikke saker som t.d. organisasjonsstruktur og ulike tilskipingar.

## **10. Melding frå Rådet**

Rådet har helde eller delteke på 4 møte i 2014.

Den 23. januar var der fellesmøte mellom lagsstyret og Rådet, der årsmelding og rekneskap for 2013 og budsjett for 2014 vart handsama.

Det nye rådet hadde sitt første møte den 27. mai då lagsrekneskapen for 2013 vart godkjend. Rådet handsama også ei klage frå eit ekskludert medlem, jf. §2 i Lov for Bergen ungdomslag Ervingen.

Rådet handsama ytterlegare innspel i same sak per e-post i juni og august. Under slutthandsaminga melde rådsleiar seg ugild, mellom anna avdi han hadde vore involvert i saka i ein tidlegare fase. Ingunn Skjelvan gjekk då inn som fungerande rådsleiar.

Den 30. september skipa lagsstyret fellesmøte med Råd og F&E, der samarbeidet mellom desse, samt økonomien i laget vart diskutert.

Den 1. desember deltok rådsleiar på møte mellom lagsstyret, kulturhuset Ervingen AS og fonds- og eigedomsstyret, der Ervingen Kulturhus orienterte m.a.om ombygginga av Gimle. Økonomien i laget vart også diskutert.

## **11. Dugnad**

I eit friviljug lag vert mykje gjort på dugnad, både på faste tilskipingar og større og mindre arrangement. Mellom anna kan me nemna 17. mai-kafeen og haustfest som høve der mange lagsfolk har vore i sving for å skapa gode opplevingar for unge og eldre. Hyttenemnda har arrangert dugnader både vår og haust, for å vaske ned hytta og gjere det fint rundt hytta.

Det er også fleire av særлага som arbeider godt for å utvida dei økonomiske råmene for aktiviteten sin – ungdomsringen held kafeen på dei fleste dansekeldar, koret tek på seg oppdrag med vakker song i lystige lag, og dansarar og spelmenn stiller opp til betalte danse- og speleoppdrag. Dette er viktig for å kunne driva aktivitet på det nivået me gjer i dag.

I 2014 har Annbjørg Fandnes Kyrkjebø, Eli Randmo og Torgrim Ljones starta arbeide med å rydde i arkivmaterialet til Bondeungdomslaget i Bergen, Folkedansgilde og Lagsbruket til BUL Bergen. Materialet er no i kjellaren i Fensal, men når arkivet er ferdig sortert skal det deponeras hos Byarkivet i Bergen.

## **12. Samarbeid med andre**

Laget har eit breitt samarbeid med andre organisasjonar. I meldingsåret har laget til dømes samarbeidd med folkemusikkklubben Columbi Egg om folkemusikkfesten, med Bygdedanslaget i Bjørgvin om dansekurs og med Osafestivalen og Hordaland Ungdomslag om dansekurs under dansesamling for ungdom i Hordaland. Saman med Kulturskolen i Bergen driv ungdomslaget Bergen juniorspelmannslag.

Det største samarbeide i 2014 har vore med Bergen Internasjonale Kultursenter (BIKS), som også held til i Fensal. Laget fekk stønad frå Bergen Kommune til å gjennomføre eit integreringsprosjekt. Ein valde og fokusere på dans som aktivitet og at prosjektet skulle omfatte ungdomsringen, unge dansarar frå BIKS og ein gruppe frå Rothaugen skule. Prosjektet skulle ende i ei førestilling på Bergen internasjonale musikkfestival, som arrangeras av BIKS i Fensal i oktober kvart år. I vårhavåret hadde Stig Markussen, breakdancer tilknytta BIKS, Lilliana Pereira, housedansar tilknytta BIKS og Silja Solvang, folkedansar, vekentlege øvingar med ei grupper elevar på Rothaugen skule. I september og oktober møttes gruppene til helgesamlingar, der ein utarbeide ei felles førestilling. Diverre valde ingen av elevane frå Rothaugen og være med på haustens samlingar. Dette skuldas at lærarane var ute i streik i byrjinga av skuleåret og at informasjonen dermed ikkje kom ut, samt at elevane no måtta bruke av fritida si. Dansegruppa besto no av seks dansarar frå ungdomringen, seks unge dansarar frå dansegruppa Flawa Few frå BIKS og seks av deira aspirantar. Flawa Few og Silja Solvang var koreografer og hadde ansvar for å sy saman ein heilskapleg førestilling. På den andre helgesamlinga i september hadde dansarane besøk av folkedansar Vegar Vårdal, som kom med innspel og idear. På den siste helgesamlinga var dansaren og koreografen Line Malvik inne og gav tilbakemeldingar på førestillinga. Førestillinga «Grunn! – frå undergrunn til grunnsteg» ble vist som opningsførestilling på Bergen internasjonale folkemusikkfestival i Fensal 23.oktober. Etter mykje hardt arbeid fekk dansarane gode tilbakemeldingar. Prosjektet i heilskap har gitt fleire ungdommar eit innblikk i norsk folkedans, men har ikkje ført til fleire medlemmar i laget. Førestillinga var ytterlegare eit løft av levande musikk av Maria på hardingfele og Ivar på trommer.

Kor 'e tonen og Konsonans starta også opp eit stort prosjekt med John Rutter sitt Requiem. Tore Kloster er leigd inn som ekstern dirigent, i tillegg til sopran solist, organist og orkester. Som del av førebuingane til Requiem vart det gjennomført fleire felles måndagsøvingar så vel som ei felles øvingshelg i haustsemesteret.

Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges korforbund, FolkOrg og Bergen kommune. Laget er medlem av Amatørkulturrådet i Bergen, ein paraplyorganisasjon for amatørkulturlivet i Bergen, og Bygdelagsnemndi.

## **13. Eigedom**

### **a. Lagshusa**

Alle aktivitetar og øvingar i Bergen ungdomslag Ervingen er i Gimle. Fensal er leigd ut til Bergen kommune og nytta av Bergen internasjonale kultursenter (BIKS), Husflidslaget og nokre andre organisasjoner. Sidan august 2013 har Unicef Norge leigd ein kontorplass på lagskontoret i Fensal. Styret og nemnder nyttar møterommet Snorrestova i Fensal til sine møte, det gjer også Selsvikklubben. Hausten 2014 vart det starta på ei oppussing av Gimle, og alle vindauge er i fred med å verta bytta ut. Det er også gjort diverse vedlikehaldsarbeid i Fensal i meldingsåret.

### **b. Hytta**

Hytta har vore utleidt som vanleg i gjennom året. Det er kontoret som har tinging og fakturering. Utlevering av nøklar er også kontoret som ordnar.

Knut er ute og ser etter boss og at det er vaska skikkeleg, samt at det er nok handdukar, toalettpapir m.m.

Laget tilbyr utvasking for dei som vil ha det etter leige. Laget har brukt hytta 10 helger i 2014. Det har vore 2 dognadskveldar; 2 april møtte det 10 personar. Det vart rydda ute; blomsterbed, raka plen og grusvei, samt felt 2 bjørker som vart kappa til ved. Me tok ned flaggstanga, skrapa og malte den. Det vart også vaska ned og rydda på kjøkenet. 23. september møtte 5 personar. Me vaska og rydda kjøken, peisestova og soverom i 1 høgda, bad og dusjar, samt rydda ute i bedet ved inngangen, pluss ymse småting.

Det har i år også vore tull med brannvarslings anlegget, det ser ut til at det er i orden no. Elektrikar har ute om fleire gonger og tilbakestilt og retta.

Hyttenemnda har laga bål til jonsokfeiring som vanleg. Nemnda har ikkje hatt møte utan om på telefon og epost, og på dognadane. I 2015 har me planar om å få sett skifer i trappa ute, så den blir litt betre.

## **14. Fonds- og eigedomstyret**

Styret har hatt 5 styremøte i 2014. På desse møta har også styreleiar i Ervingen Lagsbruk, Øystein Erstad, og styreleiar i Ervingen Kulturhus, Åslaug Trageton, møtt og gjeve oss oppdatert informasjon om forretningsdrifta. Vi har og vore med på 3 fellesmøte med lagsstyret,rådet og forretningsdrifta.

Laget sine selskap er desse:

Ervingen Lagsbruk AS (heileigd holdingselskap) styreleiar Øystein Erstad

Ervingen Kulturhus AS (Gimle og Fensal) styreleiar Åslaug Trageton

Ervingen Eigedom AS (hotelleigedomane) styreleiar Øystein Erstad

Hordaheimen AS (driftsselskap) styreleiar Øystein Erstad

Sandviken Brygge Hotel AS (driftsselskap) styreleiar Øystein Erstad

Ole Bull Hotel AS (driftsselskap) styreleiar Øystein Erstad

Ervingen Kulturhus AS, Ervingen Eigedom AS og Hordaheimen AS er alle heileigde datterselskap av Ervingen Lagsbruk AS. Sandviken Brygge Hotel AS er heileigd datterselskap av Hordaheimen AS medan Ole Bull Hotel AS er eit datterselskap der Hordaheimen AS eig 60%.

Fond- og eigedomstyret møtte 21. mai på årsmøtet i Ervingen Lagsbruk AS. Fond- og eigedomstyret er generalforsamling for dette selskapet.

Av særskilde saker som vi har arbeid med dette året er Selsvikfordringa, sikring av låneavtalen med Ervingen Lagsbruk AS og ny låneavtale med Ervingen Lagsbruk AS til erstatning for den gamle.

## 15. Medlemstal, økonomi og ressursar

31.12.2013:

Barn	(under 14 år)	8
Ungdom	(14-26 år)	33
Vaksne	(over 26 år)	182
Til saman		223

31.12.2014:

Barn	(under 14 år)	10
Ungdom	(14-26 år)	29
Vaksne	(over 26 år)	168
Til saman		207

Økonomi og ressursar .....

## 16. Kontor og tilsette

I 2014 har det gått frå å vera ein situasjon med store endringar på kontoret til ein meir normalisert kvardag mot slutten av året. Når Torbjørn Bergwitz Lauen tok over leiarvervet i februar tok han òg over personalansvaret for dei tilsette. Gro Vetås har fungert som organisasjonssekretær i 100% stilling, medan Hilde Pedersen har vore rekneskapsførar i 25% stilling.

Då Gro Vetås gjekk ut i svangerskapspermisjon i 2013 vart Hanna Kvalheim Hekkelstrand tilsett som vikar. Dette vikariatet skulle eigentleg berre vare til februar 2014, men grunna utvida permisjon vart den fornøya til ut mai i 90% stilling. I sommarmånadene vart kontoroppgåvane fordelt på styremedlemmane, men utan at nokon sat på kontoret. Gro kom attende på jobb i august og har fungert i vanleg stilling sidan. Etter at lagsbladet var lagt ned på årsmøtet i 2014 har det kome ut nyhendebrev til alle medlemmar på e-post som ber det same namnet som det gamle lagsbladet, «*Bodstikka*». Dette nyhendebrevet er det organisasjonssekretären som har ansvar for.

Grunna sjukdom har Hilde spesielt i haust jobba ein del heimanfrå. Då ho har vore sjukmeld, og det ikkje vart sett inn vikar, har ein kome litt bakpå med rekneskapen og for å bøte på dette vart Annbjørg Fadnes Kyrkjebø henta inn og hjelper med rekneskapen på timebasis i desember 2014 og januar 2015.

I løpet av året har det vorte kjøpt inn ny kontorstol, ny datamaskin til rekneskapsførar då den gamle ikkje kunne køyre nyaste versjon av rekneskapsprogrammet. Det har vorte leigd inn eit firma til å måle lufta på kontoret, som viste seg å vere av god kvalitet. Nytt toalett på kontoret har vorte påbyrja, men har i skrivande stund ikkje vorte ferdig installert.

Utleigeavtalen med Unicef Noreg som vart inngått i 2013 har vorte vidareførd i 2014 og fungerer godt.

Bergen Mållag nyttar framleis Snorrestova som møtelokale. Laget har avtale med NKI Renhold om reinhald av kontor- og møtelokalet i Fensal.

## **17. Heiderslagsfolk**

Rønnaug Risa Bakke  
Dagrunn Berntsen  
Aslaug Kvilekval Breivik  
Norvald Erstad  
Kåre Herdlevær  
Kårmund Myklebost  
Leiv E. Samdal  
Finn Vabø  
Olav Ånneland

## **18. Gåver, helsingar og minne**

Gåve til instruktørar og spelmann, blomehelsingar / gåve til medlemmer, heidersmedlemmer, tillitsvalde og tilsette ved passande høve.

## **19. Oversikt over tillitsvalde**

### Styret:

Torbjørn Bergwitz Lauen (leiar), Borghild M. Opdahl, Øyvind Vatshelle, Marianne Pedersen, Sigrid Ølmheim, John Stenersen McShane (vara), Rigmor Nesheim Vaular (vara) og Inger Johanne Bolstad (vara).

Rådet:

Stig Vaular (leiar), Henry Myrdal, Ole B. Ekornes, Ingunn Skjelvan, Aud Fjeld, Stig Indrebø, Eli Randmo og Annbjørg Fadnes Kyrkjebø (vara), Hans Nyeggen (vara) og Hilde Hovland Erstad (vara).

Folkedanslaget:

Mari Skjerdal Lysne (leiar), Brynjulf Langballe, Maren Sofie Løfsgård, Eva Brita Åkerlund og Marit Kvamen.

Ungdomsgruppa:

Borghild M. Opdahl, Maria Nordås og Karoline Liland.

Spelmannslaget:

Irene Bjørke, Sissel Ingunn Nordstad og Johanne Mjøs.

Barnelaget:

Sverre Moklev Sundvor (leiar), Eli Okkenhaug og Edit Bugge (fram til sommaren).

Teatergruppa:

Jon Kåre Lotsberg (leiar) og Janne Regine Nordstrønen (begge fram til sommaren).

Gimlingane:

Sigríð Ølmheim og Håvard Ims.

Kor e' tonen:

Bjørn Feltens (leiar), Charlotte Faaberg Johansen, Kristin Haugland, Silje P. Søviknes (vara) og Bente Kristin Humborstad (vara).

Selsvikklubben:

Bente Elisabeth Birkeland (leiar).

Blad- og blestnemnda:

Nina Blågestad (leiar), Emma Lirhus Miro, Kjersti Johanne Nybø, Martin Nessen og Dag Hermansen.

Fonds- og eigedomsstyret:

Frode Myhra (leiar), Torgrim Ljones, Endre Kleiveland, Brit K. Sørland og Sverre Sundvor.

Hyttenemnda:

Knut Malkenes (leiar), Hans Nyeggen og Berit H. Lappegård.

Ettersyn:

Halvor Røyset, Lars Olav Tveita og Einar Moberg Heggland (vara).

Valnemnda:

Gunn Inger Sture (leiar), Sverre Sundvor, Guro Haugen, Stig Indrebø Annbjørg Fadnes Kyrkjebø.

Utsending til rådet i Bygdelagsnemndi:

Eldbjørg Gunnarson, Magnhild Råke Søholt og Rigmor Nesheim Vaular (vara).

## 20. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
06.01.14	Juletrefest	Den tradisjonelle juletrefesten til barnelaget vart skipa til.	Barnelaget
25.01.14	Spel- og dansemaraton	Den årlege tilskipinga samla 11 ulike spelgrupper / lag og over 60 dansarar.	Folkedanslaget
12.02.14	Årsmøte		Styret
17.02.14	Karneval	Stor suksess med bra deltaking sett ut frå potensialet laget hadde	Barnelaget
08-09.03.14	Øvingshelg		Koret
13.03.14	Kven Veit?	Kunnskapstevling	Styret
16.03.14	Familiefolkedans kveld	Om lag 20 voksne og 30 born. Juniorspelemannslaget stod for musikken saman med ei perkusjonsgruppe frå kulturskulen	Barnelaget og Juniorspelmannslaget
22.03.14	Prøysenkveld	Konsert frå mange av våre eigne grupper, dans og allsong.	Folkedanslaget
28-30.03.14	Hyttetur	Kurs med Steinar Rygg	Audhilds
02-04.05.14	Hyttetur	Dansekoreografi-prosjektøving til Folkedansfestivalen.	Ungdomsgruppa
03.04.14	Kven Veit?	Kunnskapstevling	Styret
08.05.15	Kven Veit?	Kunnskapstevling	Styret
10-11.05.14	Øvingshelg		Koret
12.05.14	Rebusløp og sommaravslutting		Styret
17.05.14	17.mai kafé	Tradisjonell kafé i Gimle.	Styret
24-25.05.14	Hyttetur		Folkedanslaget
25.05.14	Basar	Koret skipa til basar i Bergen barneasyl bhg sine lokale	Koret
16.06.14	Konsert i Gimle	Konsert for foreldre / føresette og søsknen. Førebuing til Landskappleiken.	Juniorspelmannslaget
13-14.09.14	Hyttetur		Folkedanslaget
20-21.09.14	Nybegynnarkurs	Borghild M. Opdahl var	Folkedanslaget

		instruktør medan Terje Furenes spelte.	
20-21.09.14	Øvingshelg		Koret
01.10.14	Lagsmøte	Om faner	Styret
18.10.14	Hyttedans	Konsert og dans til Eva-Marie og Maria Toppe, Anna Egholm Pedersen og Kvedargruppa	Folkedanslaget
19.10.14	Familiefolkedans og barnebokkveld	Astri Sudmann fortalte eventyr og leia dansen. Lars Fivelstad Smaaberg spelte.	Barnelaget
01-02.11.14	Øvingshelg		Koret
07-09.11.14	Kurs og hyttetur	Kurs med Åse Teigland	Audhilds
09.11.14	Basar og lagsmøte	Are Kalvø	Stryet
22.11.14	Haustfest	Raspeball-middag og dans til Fjellbekken	Folkedanslaget
05-07.12.14	Hyttetur og kurs	Juleverkstad, samt at Rigmor N. Vaular hadde kurs i rull.	Ungdomsringen
08.12.14	Julelagsmøte	Tradisjonelt julelagsmøte i Gimle, med graut og underhaldning av ulike grupper i laget. Trekking av medlemslotteriet.	Styret og Selsvikklubben
28.12.14	Romjulsdans	Ida Marie Rognsvåg og toradargruppa Litt tå kvart spelte til dans.	Folkedanslaget

## 21. Utsending, representasjon og samarbeid

Dato	Tilskiping	Omtale	Kven
07-09.02.14	Ungdomskurs på Voss	Medlemmar i Juniorspelmannslaget deltok på spelekurs skipa til av Voss spelemannslag.	Juniorspelmannslaget
08.02.14	Folkemusikkfesten	Svenske Väsen og bergenske Texanos spelte	Folkedanslaget, Columbi Egg
19.02.14	Mattilsynet, konferanse	Framsyning	Folkedanslaget
21.03.14	Årsmøte Hordaland Ungdomslag		Borghild M. Opdahl, Torbjørn B. Lauen og Torgrim Ljones
27.03.14	Årsmøte Hordaland folkemusikklag		Irene Bjørke og Sissel-Ingunn Nordstad

29.03.14	Spelkurs i Granvin	Medlemar i deltok på spelekurset, som Hardanger Spelmannslag skipa til.	Juniorspelmannslaget
04-06.04.14	Landsmøte Noregs Ungdomslag		Torbjørn Lauen, Sigrid Ølmheim og Ingeborg Bringslid
05-06.04.14	Hallingsprinagrkurs	Bjørn Lien og Sigrun B. Svenkerud var instruktørar, medan Arne Anderdal spelte.	Folkedanslaget og Bygdedanslaget
04-06.04.14	Dansesamling	Samnanger skule. Silja Solvang var instruktør, medan Gro Vetås var spelmann	Ungdomsgruppa og Hordaland Ungdomslag
04-06.04.14	Landsmøte i Noregs Mållag		Fredrik Hope
26.04.14	Dansensdag	Framsyninga på togstasjonen og biblioteket.	Folkedanslaget, ungdomsgruppa og barnelaget
01.05.14	Framsyning	Framsyning på ein konferanse	Ungdomsringen
06.05.14	Årsmøte Bygdelagsnemndi		Representantane og styret
16.05.14	Statsråd Lehmkuhl	Audhilds og «Undertoner» hadde konsert	Audhilds og Juniorspelmannslaget
17.05.14	Familietimen, framsyning	Framsyning med spel og dans på Torgallmenningen.	Folkedanslaget, ungdomsgruppa og Fjellbekken
25.05.14	7-fjellsturen	Framsyning med spel og dans ved foten av Ulriken.	Folkedanslaget. Ungdomsgruppa og Audhilds
28.05.14	Barnas Festspilldag i Losjen.	Deltok med lagspel. Perkusjonsgruppa frå Kulturskolen var også med.	Juniorspelmannslaget
06-08.06.14	Fylkesstemna for Born	Samnanger. 5 born og 3 vaksne deltok frå laget.	Barnelaget
14.06.14	Korkonkurranse, Syng med oss	Koret deltok i konkurransen.	Koret
14-15.06.14	Mangfoldfestivalen	Audhilds underheld med konsert og danseopplegg	Audhilds
24.06.14	Framsyning	Ungdomsringen hadde framsyning på Betanien.	Ungdomsringen

25-29.06.14	Landskappleiken	Audhilds og Juniorspelmannslaget deltok som lag.	Audhilds og Juniorspelmanns laget
30.06-04.07.14	Sommarleir, Noregs Ungdomslag	Ungdomsringen deltok på sommarleiren i Ørsta.	Ungdomsringen
03-06.07.14	Folkedansfestival, Noregs Ungdomsslag	Ungdomsringen deltok i dansekoreografiprosjekt / opningsframstillinga, Ørsta.	Ungdomsringen
06-11.07.14	Mokurset i Førde.	Ein del av lagets unge tok seg tid til å være med på sommarkurset også i år.	Juniorspelmanns laget
16.08.14	Kvadratrotfestivalen	Audhilds hadde konsert	Audhilds
05-07.09.14	Øvingshelg	Øving til framstillinga Grunn!	Ungdomsringen og BIKS
12.09.14	Kulturnatt	Konsert og dans til Kristoffer Kleiveland og Audhilds	Folkedanslaget og UNISON
13.09.14	Hardingfeletreff for born og ungdom i Hordaland m/Einar Mjølsnes, Frank Rolland	Eit nytt og flott opplegg der dei fekk treffe andre speleintresserte på sin eigen alder, frå andre spelemannslag i Hordaland.	Juniorspelmanns laget
26-28.09.14	Øvingshelg	Øving til framstillinga Grunn!	Ungdomsringen og BIKS
03-05.10.14	Vestlandskappleik	Audhilds og Juniorspelmannslaget deltok som lag.	Audhilds og Juniorspelmanns laget
17-19.10.14	Øvingshelg	Øving til framstillinga Grunn!	Ungdomsringen og BIKS
19.10.14	Minnekonsert for Jon Jelmert på Osterøy Museum.	Det var naturleg for laget å være med på denne, særleg for alle dei som opplevde Jon som instruktør og midtpunkt på samlingar. Laget nyttar nokre av slåttane hans i sitt repetoar.	Juniorspelmanns laget
19.10.14	Hordaland korforbund sin velgjerdkonsert	Koret deltok i "Med song for ei betre verd" på Logen teater.	Koret
23.10.14	«Grunn! - Frå grunnsteg til undergrunn»	Integreringsprosjektet til Bergen ul Ervingen og BIKS hadde opningsframstilling under Bergen internasjonale musikkfestival.	Ungdomsringen og BIKS

24-26.10.14	Dansesamling	Lisa Grav Henriksen, Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilsen var instruktørar. Mats Odde og Kristoffer Kleivland bytta på å spele til.	Ungdomsgruppa, Hordaland Ungdomslag og Osa Festivalen
31.10-02.11.14	Juniorsamling på Osterøy.	Medlemar i laget var med på det tradisjonelle spelekurset på Haus. Det vart avslutta med ein felleskonsert sundagen.	Juniorspelmanns laget
01.11.14	Bergen Tango Marathon.	Framsing	Folkedanslaget
08-09.11.14	Valdresspringarkurs	Instruktørar var Stian Roland og Marit Volderhaug. Spelmann: Laura Ellestad.	Folkedanslaget og Bygdedanslaget
18.11.14	Omframt årsmøte Bygdelagsnemndi		Representantane, styret
24.11.14	Colombi Egg.	Trioen "Undertoner" deltok som pauseinnslag.	Juniorspelmanns laget
07.12.14	Konsert	To julekonsertar på same dag!	Koret og Konsonans
12.12.14	Julekonsert i Korskirken i regi av Bergen Kulturskole.	Juniorspelmannslaget deltok i tillegg nokre frå den Rytmiske seksjonen på Kulturskolen.	Juniorspelmanns laget

Lagsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen, 2014:

Torbjørn Bergwitz Lauen  
Styreleiar

Borghild M. Opdahl  
Styremedlem

Øyvind Vatshelle  
Styremedlem

Marianne Pedersen  
Styremedlem

Sigrid Ølmheim  
Styremedlem